

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 19.feb 2025 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Randi

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Runar Isdahl (2.v) og Åslaug L. Nag (3.v)
Forfall: Magne Andresen, Dag Kjetil Lægreid (1.v)

SAKLISTE

2025/07- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2025/08 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2025/09 - 012 Årsrapport 2024

Soknerådet utarbeider innan 1. mars kvart år ein årsrapport over rådets aktivitet siste kalenderår. Rapporten vert framlagt årsmøtet/soknemøtet og vert sendt Kyrkjeleg Fellesråd, Prosten, Bispedømerådet og andre som soknerådet ynskjer.

Vedtak:

Soknerådet bed AU lage eit utkast til årsrapporten.

2025/10 - 012 Årsmøte 2025

I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkjelova §9. Dette årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Fristen for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapen er 1. april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette.

Diskusjon om dato og form på arrangement. Dei to siste åra har årsmøtet vore arrangert som ein informasjonskveld i Kyrkjestova Fredheim heller enn eit enkelt, formelt årsmøte etter ei gudsteneste. Det har kome fleire i Kyrkjestova og det var gode tilbakemeldingar på forma.

Moment frå samtalen:

En god form. Positivt å ha det i Kyrkjestova. Kalle det informasjonsmøte med en markering av at Cuba-prosjektet er avslutta? Feire dette! Kyrkjelydens årsfest? Eller vi kan kalle dette Kyrkjelydskveld? Musikalske krefter. Vi må ha ein programkomité.

Vedtak:

Stord sokneråd inviterer til informasjonskveld (som og vil vere eit soknemøte) i Kyrkjestova Fredheim torsdag 10.april, kl. 19.00 – 21.00. Soknerådsleiar inviterer med nokre til komite.

2025/11 - 331 Familiegudsteneste i påska

Denne saka er løfta inn for soknerådet etter diskusjon i trusopplæringsutvalet. Kyrkja har dei siste åra hatt god erfaring med å arrangere ein familiegudsteneste på palmesøndag som tek for seg heile påskeveka. Søndagsskulen på Hystad som me samarbeider med arrangerer samling med påskefrukost palmesøndag. Det vert difor «konkurranse» mellom tiltaka og nokre hamnar i skvis om kor ein skal delta. Dei andre dagane i påska er det andre typer gudstenester: Skjærtorsdag er det nattverdsgudsteneste i Nysæter (ettermiddag/kveld), langfredagsgudsteneste i Stord og høgtidsmesse 1.påskedag.

Saka vert lagt fram for soknerådet til informasjon og for drøfting kring evt tiltak.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Moment frå samtalen

Vanskelig å ha familiegudsteneste samme dag som søndagsskolen på Hystad har sitt arrangement? Det ene trenger ikke utelukke det andre. Viktig å anerkjenne det som skjer utanom gudstenesta. Forslag om å kunne kombinere dette. Frokost litt tidlig og deretter gudsteneste. Gå i dialog med de som driver Hystad søndagskole i forkant. Familiegudstjeneste kl. 12.00? Kva med å ha det søndag etter påske? Vi må ikkje gløyme at vi skal nå barn og unge også i gudstenestene. Palmesøndag-gudstenesta har og vore eit godt tiltak for konfirmantane.

Vedtak:

Sigrid (leiar i trusopplæringsutvalet) og Jørgen tek kontakt med Hystad søndagsskule om dette. Gudstenesteutvalet følger opp dette vidare etter samtalen.

2025/12 - 330 Trusopplæring vert til kyrkjeleg undervisning og læring (KUL)

Kyrkjemøtet vedtok i 2024 ein ny overordna plan for *kyrkjeleg undervisning og læring*. Lenke til plandokumentet vert sendt ut på e-post før møtet slik at dei som ønskjer kan orientere seg i den. Det er ikkje forventa at ein les denne før møtet.

Soknerådet får ein tidleg introduksjon til endringane og inviterast til å reflektere over kva det skal bety lokalt i framtidig planarbeid.

Her er eit utdrag frå omtalen til planen:

Plan for kirkelig undervisning og læring erstatter «Gud gir – vi deler. Plan for trosopplæring i Den norske kirke (2010)» og «Plan for samisk trosopplæring (2011)». Trosopplæringsreformen, som startet i 2004, hadde som oppdrag å utvikle en systematisk og sammenhengende trosopplæring for alle døpte. Det systematiske trosopplæringstilbudet skulle ha et omfang på 315 timer og kompensere for bortfall av kristen trosopplæring i skolen. Trosopplæringsplanens målgruppe var døpte i alderen 0-18 år.

Reformen synliggjorde, fornyet og systematiserte det pedagogiske arbeidet i Den norske kirke. Prinsippene i Gud gir – vi deler og breddeperspektivet fra trosopplæringssatsingen er fortsatt viktige. Samtidig må undervisnings- og læringsaktivitetene sees i sammenheng med annet arbeid i menigheten og ta utgangspunkt i lokal kontekst.

Benevnelsen for fagfeltet i denne planen er «kirkelig undervisning og læring». Dette begrepet ivaretar en helhetlig tilnærming der det legges til rette for både planlagte aktiviteter og spontan læring, for grunnleggende kunnskap og fordypning. Læring skjer på mangfoldige måter og kan ikke styres, men kirkens fellesskap kan legge til rette for videreføring av trospraksis, kultur og tradisjon. Barn, unge og voksne er hverandres medvandrere som sammen tar vare på, utforsker og former kunnskap om tekst, tro og tradisjon.

Planens overordnede del beskriver teologisk og pedagogisk grunnlagstenkning for kirkelig undervisning og læring og setter dette arbeidet inn i konteksten av menighetens helhetlige arbeid. Innholdet i overordnet del konkretiseres i rammeplaner for følgende aldersgrupper: 0-5 år, 6-12 år, 13-19 år, konfirmasjonstiden, unge voksne og voksne. Rammeplanene gir retning for utforming av lokale planer for forskjellige aldersgrupper.

Moment frå samtalen

Framleis tidleg i prosessen. Trusopplærarane arbeider foreløpig som før. Nøytralisering eller ei utviding av begrepet? No er det fokus på at alle aldersgrupper trenger undervisning for å vokse i trua. Forslag om at vi beholder namnet sidan dei framleis skal ha fokus på 0 – 18 år.

Vedtak:

Soknerådet endrar ikkje på innhaldet i mandatet for trusopplæringsutvalet på noverande tidspunkt. Dette utvalet skal framleis ha fokus på tiltak for aldersgruppa 0-18 år.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Møtehelg m/ Per Arne Dahl 8.-9.mars 2025. Samarbeid med Leirvik bedehus.
 - b. God stemning i staben.
 - c. Velledighetskonsert og Jazzgudstjeneste
 - d. 17.mai – diakonal gudsteneste
 - e. 8.mai – 80 år sidan frigjeringa
 - f. Fasteaksjonen – meld dykk gjerne på, 8. april
 - g. Arbeidsmiljøseminar i staben
 - h. Open kyrkje 27. februar
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
 - Fredag 7.mars Salmar på Osvald
 - Trusopplæringsmidlar som ikkje blir brukt «mister» vi neste år, må spare opp i år.
 - Utleige av kyrkjene – betalingssatser vart vedtatt.
3. Oppdatering på arbeidet med hjelpesending til Cuba
 - Avslutta innsamlinga. Samla inn det vi satte som mål.
 - 28.-30.mars 2025 – flytte frå lager til container.
 - Fraktkostnaden er dekkja.
 - 125 000 i tillegg til klær, barneleker etc.
 - Mangler litt pengar til hygieneartiklar, etc.
4. Oppdatering på arbeidet med infoskjermer i kyrkja / på kyrkjekontoret
 - Infoskjermen er satt opp i kyrkja
5. Innspel frå utvala
 - a. Rapport frå idemyldring kring kveldssamlingar

Kirsti Angvik Frugård
Referent